



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 06
fmavpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/svr>

Bygland kommune
Kommunehuset
4745 BYGLAND

Saksbehandler Jørn Trygve Haug

Vår ref. 2023/6995-0 432.2

Deres ref.

Dato 29.08.2023

Uttale til kommuneplanen for Bygland - arealdelen. **Verneområdestyret for SVR. Sak 20/273.**

Syner til oversending dagsett 7.7.2023. Verneområdestyret sin uttale handsama i møte 22.8.2023 ligg ved.

Med helsing

Jørn Trygve Haug
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Saksframlegg med vedtak

Landskapsvernområde Dyraheio, Fraffjordheiane, Hovden, Kvanndalen, Lusaheia, Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene, Vormedalsheia
Naturreservat Hisdal, Lislevatn, Ljosådalen, Migaren, Nordraheia, Vidmyr, Ørestø, Øyastøl
Biotopvernområde Holmavassåno, Steinbuskardet-Hisdalen



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47 38 17 62 06
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svf.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2023/6995-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 14.08.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	26/23	22.08.2023

Uttale til kommuneplanen for Bygland, arealdelen. Offentleg ettersyn.

Forvalters innstilling

Verneområdestyret syner til forslag til arealdelen av kommuneplanen for Bygland 2023 – 2035.

Verneområdestyret har inga særskilt merknad til planforslaget. Verneområdestyret vil understreke viktigheita av utarbeiding av sti- og løypeplan for Bygland slik kommunen tidlegare har varsla. Verneområdestyret syner i den samanheng til arbeidsutvalet sin uttale frå 8.2.2021. Arbeidet er ytterlegare aktualisert som følgje av klassifiseringa av dei nasjonale villreinområda og pågåande arbeid med tiltaksplanar.

Saksprotokoll i Verneområdestyret for SVR - 22.08.2023

Behandling

Sigbjørn Åge Fossdal, representant fra Bygland kommune, spurte om inhabilitet i saken. Styret stemte at han ikke var inhabil.

Vedtak

Samrøystes vedteken som forvaltar si innstilling.



Saksopplysninger

Arealdelen av kommuneplanen for Bygland 2023 – 2035 er ute til offentlig ettersyn. Plandokumenta inneheld plankart m/temakart, føresegn, planomtale og konsekvensutgreiing. Høyringsfrist er 12.12.2023. Plandokumenta er tilgjengeleg på kommunen si heimeside: [Kommuneplanen sin arealdel på høyring - Bygland kommune](#)

Hovudtema i kommuneplanen er definert i planomtalen kap. 1.5:

- *Gjennomgang av områder for revisjon og oppdatering av desse*
- *Inkludere nye føremålsområder og omsynssoner*
- *Utarbeide sti- og løypeplan*
- *Kartlegge tiltak for å avhjelpe flaumsituasjonen i Åraksfjorden*

Nemnde sti- og løypeplan er ikkje del av planforslaget. Arbeidet er godt i gang og planen vil bli lagt fram til politisk handsaming som eiga sak.

For del av Bygland vesthei liggjande i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* er dette lagt ut som omsynssone bandlagt etter naturmangfaldslova. Forvaltninga her skjer etter gjeldande forskrift og denne er styrande for all bruk.

Oppstart av planarbeidet vart varsla attende i 2019. Det ser ikkje ut til at varselet vart sendt verneområdeforvaltninga, og det vart difor ikkje sendt uttale.

Vurdering

Bygland kommune har laga eit grundig og oversikteleg planforslag. *Del av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane lvo.* ligg langt vest i kommunen, og vert i liten grad påverka av arealdisponeringa kommunen legg opp til.

Som kommunen skriv i planomtalen vil sti- og løypeplanen kome seinare. Arbeidet med denne starta opp i 2021, og arbeidsutvalet i verneområdestyret uttala seg til oppstartsmeldinga i møte 8.2.2021. Eit av innspela gjekk på korleis villreinen vert påverka av menneskeleg ferdsel knytt til eksisterande turistløypenett Gaukhei – Josephsbu – Kvinen. Problemstillinga er sidan ytterlegare aktualisert som følge av klassifiseringa av dei nasjonale villreinområda og pågåande arbeid med tiltaksplanar. Forvaltar vil oppmoda til at arbeidet med sti- og løypeplanen vert gjeven prioritet framover, og der nemnde problemstilling vert gjeven særleg merksemd.